



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/325 - 20/9142

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
19.02.2020

Oversender vedtak om dispensasjon for oppføring av einebustad til klagevurdering - gbnr 215/88 Eidsnes ytre

Tiltak: Oppføring av bustad
Byggjestad: Gbnr: 215/88
Tiltakshavar: Egil Magnar Eidsnes
Ansvarleg Ingeniør Lyder K Leithaug
søklar:

Saka gjeld søknad i eitt-trinn om oppføring av einebustad med ein bueining med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 271m² og bygd areal (BYA) ca. 130,5m². Utnyttingsgrad er opplyst til 24,1% BYA.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med ein bueining.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Alver 2019-2031 (tidlegare kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune) er avsett til LNF-føremålet innafor omsynssone Landbruk.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA og 400m² BRA.

Historikk

Eigedomen vart godkjend frådelt i møte i Plan- og miljøutvalet den 16.03.2016 i sak 15/3456. Det vart berre gjeve dispensasjon og løyve til frådelling av bustadtomt. Det må difor søkjast dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med ein bueining.

Administrativ mynde

Det var nyleg gjeve dispensasjon og frådelingsvedtak for bustadtomt i 2016. Omsyna til LNF-føremålet var i hovudsak drøfta i frådelingssaka.

På denne bakgrunn vurderte administrasjonen at noverande sak ikkje var av prinsipiell karakter. Det kunne fattast delegert vedtak i saka, der følgjande vedtak vart fatta:

«VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med ein buening på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal vere i tråd med kommunedelplanen sin arealdel for Alver 2019-2031 (tidlegare kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune)LNF spreidd (LS) pkt. 3.4.2 og 3.4.3 og pkt. 2.6.4. og 2.6.5.**
- 2. Tiltaket skal vere i tråd med gjeve dispensasjon på vilkår frå Statens Vegvesen den 05.11.2019 for oppføring av bustad 18 meter frå senterlinje fylkesveg 393 og for etablering av to parkeringsplassar på gbnr 215/88 plassert 15 meter frå senterlinje fylkesveg 393.**

Dispensasjonen omfattar også etablering av tilhøyrande stikkleidningar for vatn og avløp, intern veg, og parkeringsareal.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt-trinn for oppføring av einebustad med ein buening på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 30.10.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til offentleg vatn via felles privat leidning i samsvar med godkjent sanitærsknad i sak 19/2380, datert 19.09.2019, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.**
- 3. Tiltaket skal knytast til felles privat avlaupsanlegg (slamavskiljar) med avløp til sjø og er godkjent med ferdigattest den 12.12.2017 av byggesak og i samsvar med utsleppsløyve for etablering av avløpsleidning med utløp til sjø – gbnr 215/2 Eidsnes ytre, i sak 16/3390, datert 18.08.2017, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.**
- 4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg (fylkesveg 393) via privat veg. Det er gjeve endeleg godkjenning til bruk av avkøyrsløp frå fv.393 til eigedomane gbnr 215/88 og gbnr 215/89 frå Statens Vegvesen, datert 16.07.2019.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg til offentleg vatn via felles privat leidning for gbnr 215/88.**
- 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.»**

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

C - 1 Opplysninger gitt i nabovarsel

Løyve til oppføring av oppføring av einebustad - gbnr 215/88 Eidsnes ytre

Fasader - gbnr 215_88

Plan - gbnr 215_88

Revidert situasjonskart - 30.10.2019 - gbnr 215_88

Snitt - gbnr 215_88

Kopi til:

Egil Magnar Eidsnes

Ingeniør Lyder K Leithaug

Eidsnes Ytre

Bønnesskogen

3B

5913

5154

EIKANGERVÅG

BØNES

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER